

Det som gror av måneskinn

Lenge var det tristaste eg visste middelaldrande kvinner som stelte i hagen. Eg såg visnande blomstrar. Kvinner med død i blikket som prøvde å skape noko vakkert i si siste tid her på jorda. Levande døde, bortvist til hagen, lik spedalske.

I romanen "Til fyret" skriv Virginia Woolf om den vakre og gode Mrs. Ramsay: *Her beauty is a dazzling light, a "torch"*. Er det kvinners skjønnheit som gjer at vi lyser? Så sluknar vi når håret ikkje lengre skin og auga er ramma inn av rynker, dømt til evig vinter.

I eit intervju siterer Vigdis Hjorth filosof Søren Kierkegaard slik: *Det er så mange mennesker som bor i kjelleren hos seg selv, selv om det er ledig i de øverste etasjer der utsynet er mye større.*

På radioen seier ei klok kvinne at vi sluttar å lyse for tidleg. Allereie midt i livet begynner vi ryddinga, førebur oss på døden, vil gjere det lettare for dei bak oss. Kvifor skrur vi av lyset lenge før vi skal inn igjen i det mørkret vi kom frå? Vogga heng over avgrunnen, seier Vladimir Nabokov i eit essay, eksistensen er berre ein kort augneblink av lys mellom to evigheiter av mørke. Vi får lyset i gåve denne korte tida, og likevel velger vi mørkret før vi må. Det er til å gråte av.

Er det mest kvinner som stuar seg saman i kjellaren, som nøyer seg med lyset frå dei smale vindauga øvst på veggene. Eller kan det vere at Kierkegaard og dei kloke kvinnene tek feil, er det frå mørkets posisjon, gjennom kjellarvindaugget du ser best. Du ser det som foregår på gateplan, observerer realitetane på kjøleg avstand. Kanskje lever kvinner hemmelege liv i kjellarmørkret. Kanskje ler vi der inne. Korleis skal lyset uansett trenge gjennom alt som ikkje blei, alle svik og all sorg. Er det ikkje for mykje forlangt å gå rundt og lyse? Lyse gjennom skinnen av tapte draumar. Tapte tid.

Og kva veit vi om kvarandres lys, kva ser vi i vår nærsyntheit? Dei du trur ikkje lyser, kan lyse mot andre enn deg. Kanskje er dei trøtte av å lyse for menn, og vinklar lyset mot trea, mot himmelen, mot arbeidet.

Her ein kveld såg eg meg sjølv på avstand i spegelen på soverommet. Det er eit dunkelt rom, i ein kjellar. I mørkret, med lyset inn bakfrå, såg eg ung ut. Eg kunne sjå att meg sjølv slik eg var, for ti år sidan, for femten år sidan. I denne fortida var eg lysande av framtid, av ambisjonar, av planar. Då eg skrudde på lyset var eg tilbake i notida. Ansiktet mitt ei slitt lampe, med trassige strålar.

Eg er ikkje så sikker på om lyset blir borte. Eg trur det er ei løgn. Som heilt ung skamma meg over at eg ikkje lyste sterkare. At andre ikkje såg at eg prøvde å lyse. Det var så mange som lyste sterkare. Eg stod i deira skugge og kjende innsida mi brenne vilt, men ingen såg det. Når eg vart tjue lyste eg sterkt nok til at ein bra mann let seg blende. Eg var redda. Av mannens loge. Seinare vart eg lyst opp frå innsida av

barn som vaks i meg. Då eg vart trettifem sendte eg eit farleg lys ut i natta, eg skjøna kva lysstyrke som skal til for å få menn ut av likevekt. No blir eg snart femti år. Innsida brenn framleis. Ein roligere flamme. Men endå meir insisterande. Som om elden i meg har ein knyttneve i seg.

Eg har blitt eldre, mitt blikk er annleis. Eg synest ikkje lengre det er trist med voksne kvinner i hagar. I nokså lang tid no har eg latt meg begeistre like mykje over roser som menn. Særleg likar eg blå blomstrar; ridderspore og akeleie som liknar små, blå lykter i seine junikveldar. Venninna mi som pleide å vere veldig opptatt av menn, har gått over til kake.

– Hvis jeg må velge foretrekker jeg kake, seier ho.

– Ja, ei god kake bør vere førstevalet, seier eg oppmuntrande.

Men vi kan ikkje resten av livet sitte blant roser og ete kake. Eg trur det Virginia Woolf meinte i "Til fyret" er at skjønneheita mest av alt ligg i det å lyse for andre. Ikkje den erotiske kortlevde flammen, men den andre, nattflammen.

Jo eldre ein blir jo meir kan ein høyre mørkret rope frå den andre sida, men det finst eit sterkt lys i å vite det. Du har dette. Det er alt. Men *framtid* finst, kvar augneblink, kvart sekund står vi i det ulevde. Eg vil rope det ut til kvinnene som skamfulle tygg på sine eigne skuggar, at kalde vinternetter har den klaraste himmelen. At månens lys kanskje ikkje får noko til å gro, men den lyser for dei som treng det som mest.

Kjærleiken er det siste som sluttar å lyse, sjølv etter at du er død lysar det vidare i andre, som ei lommelykt av kjærleik, i brystet, til den som har blitt elska av deg. I treet du såg kvar dag og nikka til, i kaffikoppen du alltid drakk av, av bøkene dine, bilda. I barna som treng alt lyset dei kan få, for no er du ikkje lengre her for å lyse for dei. Det er mørke tider. Hald lyktene tent!

Av forfattar Hilde Kvalvaag